



ABO PLAN & ARKITEKTUR STORD AS
Torgbakken 9
5411 STORD


Saksbehandlar, innvalstelefon
Nicolas J. I. Rodriguez, 5557 2184

Fråsegn til oppstartsmelding - Tysnes - 163/1 mfl. - Laukhammar - reguleringsplan

Vi viser til brev 31. august 2022 frå ABO Plan & Arkitektur Stord AS. Saka gjeld oppstartsmelding for arbeid med reguleringsplan for Laukhammar, gbnr. 163/1 mfl, Tysnes kommune (ref. 22/466-3). Høyringsfristen er torsdag 29. september 2022.

Bakgrunn


I arealdelen til kommuneplanen for Tysnes kommune 2011-2022 (KPA), så er dette arealet sett av til «Fritidsbustadområde» (noverande). I plankartet til KPA er det for delar av arealavgrensinga vist omsynssone for vidareføring av reguleringsplan (omsynssonenamn «2007-01», Laukhammar), jf. føresegnene § 9.4, bokstav f, og vedlegg 1 til KPA. Arealføremålet i sjø er i KPA sett av til «Kombinererte føremål i sjø og vassdrag, med tilhøyrande strandsoner» (AFFNF). Ein mindre del av sjøarealet i sørvest overlappar med reguleringsplan for Laukhammar (Nasjonal arealplanid: 4616_2007-01, ikraftsetjing: 06.11.2007). Arealet i sjø i nemnde plan er her sett av til «Friluftsområde i sjø». Ein mindre del framfor dette arealet i sjø er vist som «Andre typar bygg og anlegg» (merka «SA» i plankartet til KPA).



Arealavgrensing er på 22,1 daa (kjelde: Abo Plan & Arkitektur AS)



Situasjonsplan (kjelde: ABO Plan & Arkitektur)




Utsnitt frå reguleringsplan Laukhammar (Nasjonal arealplanid: 4616_2007-01, ikraftsetjing: 06.11.2007)



Luftfoto 2021 frå området (kjelde: Statens kartverk)

Vurdering

Føremålet med planarbeidet er å leggje til rette for fritidsbustader og naust på Laukhammar, som ligg på øya Skorpo, Tysnes kommune. I planinitiativet (09.08.2022_rev. 23.08.2022, ABO Plan & Arkitektur, ref. 202250400) blir det vist til at ein ønskjer å etablere 7-8 nye fritidsbustader og 9 nye naust med tilhøyrande felles småbåtanlegg, parkering og tilkomst. Det blir vidare vist til at det innanfor planavgrensinga er etablert 4 naust og 3 fritidsbustader. Plankonsulent skriv at «fortettinga er i tråd med kommuneplanen sin arealdel». Vi er ueinige i dette. Ei eventuell fortetting og utbyggingsløyisingar må vurderast i høve kva omsyn som gjer seg gjeldande innanfor føreslått planavgrensing. I førebels situasjonsplan er det indikert ei naustrekkje over stranda, og ei naustrekkje langs svaberget mot aust. Vi viser til at KPA har sett av areal her til fritidsbustadområde (noverande), og at det i utgangspunktet ikkje er opna for naust, kai/ promenade i strandsona og småbåtanlegg i sjø. Vi føreset at avvik frå overordna plan blir tilstrekkeleg grunngjeve og utgreidd i samband med planarbeidet. Vi er sterkt kritiske til fortettinga av fritidsbustader med tilhøyrande infrastruktur som blir varsla i oppstartsmeldinga.



Utsnitt frå plankartet til KPA



Utgreiingsnivå

Tysnes kommune vurderer at reguleringsplanarbeidet ikkje utløyser krav til konsekvensutgreiing. Sjølv om det ikkje skal gjennomførast ei konsekvensutgreiing, så må planarbeidet følgje dei ordinære utgreiingskrava etter mellom anna plan- og bygningslova, naturmangfaldlova, kulturminnelova og forvaltningslova.

Strandsona

Forvaltninga av strandsona med 100-metersbeltet er av nasjonal interesse. Strandsoneforvaltninga skal bidra til ei berekraftig utvikling i tråd med FN's berekraftsmål. Etter lova skal ein i 100-metersbeltet langs sjø særleg ta omsyn til natur- og kulturmiljø, friluftsliv, landskap og andre ålmenne interesser, jf. pbl. § 1-8.

Det er ikkje sett byggjegrænse mot sjø i KPA. Byggjeforbodet i pbl. § 1-8 gjeld også for eldre planar utan ei klar og eintydig byggjegrænse mot sjø. Sjølv om arealføremålet er sett av til «Fritidsbustadområde», så må ein ta omsyn til strandsoneverdiane i utviklinga av området. Lovførearbeida, Ot. prp. nr. 32 (2007-2008) s. 174, viser til at pbl. § 1-8 også skal leggjast til grunn ved utarbeiding av nye planar. I planinitiativet er det vist til at *«Området ligg innanfor 100-metersbeltet langs sjø, og byggegrense mot sjø må setjast i reguleringsplanen»*.

Statlege planretningslinjer skal som kjent *«legges til grunn»* for kommunal planlegging, jf. pbl. § 6-2. Vi føreset også at *statleg planretningslinje for differensiert forvaltning av strandsona langs sjøen* (SPR) blir lagt til grunn for utarbeidinga av planforslaget. Retningslinjene skal bidra til at det blir tatt særleg omsyn til natur- og kulturmiljø, friluftsliv, landskap og allmenne interesser i strandsona. Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging 2019-2023 (*vedtatt ved kgl. Res. 14. mai 2019*), ss. 16 og 19, viser til tydinga av at desse omsyna blir tilstrekkeleg vurdert i spørsmål knytt til arealutvikling. Tysnes kommune ligg i «sone 3» i SPR.

Vidare viser avsnitt 10.4 «Terrenginngrep og infrastruktur» i retningslinjene til at ein ikkje bør tillate terrenginngrep i areal som har særskild verdi for friluftsliv og allmenn ferdsel, naturkvalitetar, naturmangfald, kulturmiljø og landskap. Det blir vist til at: *«Tomteopparbeiding, etablering av veier og annen infrastruktur bør skje slik at terrenginngrep og ulemper blir minst mulig»*. Strandsoneverdiane må difor vurderast og dokumenterast i planutarbeidinga.

I førebels situasjonsplan er framlegg til tomter for nye fritidsbustader trekt særst nær sjøen. Nokre av forslaga til fritidsbustadtomter, gjesteparkering og ny grusveg er føreslått på markslag som fell inn under nasjonalt jordvernmål. Vi viser til SPR som oppmodar kommunen om at det bør innførast føresegner i KPA om størrelse og standard for fritidsbustader i strandsona. Samstundes er SPR-en klar på at det ikkje bør tillatast utbygging i områder som har spesiell verdi i samband med friluftsliv og allmenn ferdsle, naturkvalitetar, naturmangfald, kulturmiljø og landskap.



Utsnitt frå førebels situasjonsplan.

Førebels situasjonsplanen viser at det er også planlagt naust i samband med areal sett av til «badestrand». Det er også teikna inn promenade mellom nausta og areal sett av til «badestrand». Arealdisponeringa her meiner vi er særst uheldig med omsyn til allmenne interesser, landskap og naturkvalitetar, jf. plan- og bygningslova § 1-8.

Vi viser også til regional kystsoneplan for Sunnhordland og ytre Hardanger, som skal «legges til grunn» for kommunal planlegging, jf. pbl. § 8-2.

Nasjonalt jordvernmål og landbruksomsyn

Innanfor føreslått planavgrensinga eksisterer det viktige jordressursar for landbruket. I databasen AR5 (NIBIO) er det registrert areal med fulldyrka jord og areal med innmarksbeite innanfor planavgrensinga. I «Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging 2019-2023», s.19, blir det vektlagt: «Fylkeskommunane og kommunane sikrar viktige jordbruksområde og kulturlandskap i landbruket gjennom langsiktige utbyggingsgrenser. Utbyggingsløyser som kan redusere nedbygging av dyrka mark, skal vurderast i samsvar med det nasjonale jordvernmålet». Vi føreset at arealdisponeringa innanfor føreslått planavgrensing blir gjort med omsyn til ny og oppdatert nasjonal jordvernstrategi, 21. mai 2021. Det nasjonale målet er å redusere omdisponering av fulldyrka jord, overflatedyrka jord og innmarksbeite: «den årlige omdisponeringen av dyrka jord ikkje skal overstige 3 000 dekar, og at målet skal være nådd innen 2025», jf. Prop. 200 S (2020-2021)».



Landskap

Planar skal bidra til å sikre kvalitetar i landskapet og vern av verdifulle landskap, jf. pbl. § 3-1 bokstav b. Verknader for landskap er ein relevant del av avgjerda. Utforming av bygg med omsyn til størrelse, høgde og utnyttingsgrad av tomtene vil vere viktig å få klarlagt. Visualisering av tiltaket med både fjern- og nærperspektiv vert difor ein viktig del av arbeidet.

Kulturminner

Vi føreset at planarbeidet og utgreiingsbehovet i høve kulturminner blir drøfta nærare med Vestland fylkeskommune, som er regional kulturminnemyndigheit.

Friluftsliv

Vi viser til *statleg planretningslinjer for ei differensiert forvaltning av strandsona langs sjøen*, som legg til grunn, avsnitt 6.2: «*Grunnlaget for allmenn rekreasjon i strandsonen skal tryggjes og utvikles vidare. Mulighetene for allment friluftsliv, basert på båtferdsel, ferdsel til fots og på sykkel, strandopphold og bading, bør tryggjes og forbedres. Det bør legges stor vekt på å opprettholde og forbedre tilgjengeligheten til strandsonen fra landsiden og sjøsiden samt mulighetene for å ferdes og å oppholde seg langs sjøen. Disse hensynene skal vektlegges sterkt når kommunen vurderer å godkjenne vidare utvikling av eksisterende bolig- og fritidseiendommer*».

Naturmangfald

Det må gjennomførast ei vurdering av dei miljørettslege prinsippa naturmangfaldlova (nml.) §§ 8-12, jf. nml. § 7. Utgreiingskravet for temaet naturmangfald må stå i forhold til omfanget av det planarbeidet legg opp til på land- og i sjøarealet.

Klima- og naturomsyn i samband med planlegging av fritidsbustader

Rettleiar T-1450 (2005) gjeld planlegging av fritidsbustader. Kommunal- og moderniseringsdepartementet arbeider for tida med å revidere rettleiinga om planlegging av fritidsbustader. Mellom anna vil lokalisering av fritidsbustader venteleg bli grundig behandla i ny rettleiing, og klimaeffekten av fritidsbustader knytt til utbygging og transport vil bli omtalt. I klimaplan 2021-2030 blir det lagt vekt på at «*Det kan vere motstridande omsyn knytt til naturmangfald, kulturmiljø, landskap, landbruk, klima og transport*» (...) «*Rettleiinga vil tilrå at fritidsbustader bør lokaliserast innanfor eller i nærleiken av eksisterande byggeområde, at det må takast omsyn til grønstruktur*», jf. ss. 148-149 i Meld. St. 13 (2020-2021). Vi føreset at ny rettleiar for planlegging av fritidsbustader blir lagt til grunn for planarbeidet når denne føreligg. Vi føreset at statleg planretningslinje for klima- og energiplanlegging og klimatilpassing (FOR-2018-09-28-1469) blir lagt til grunn for planarbeidet.

Folkehelse

Det er ei forventning i folkehelselova om at kommunane skal legge til rette for eit langsiktig og systematisk folkehelsearbeid for å fremme helse i befolkninga. Alle planar skal fremme helse i befolkninga og motverke sosiale helseforskjellar, jf. pbl § 3-1 bokstav f. Planlegginga skal vere helsefremmande gjennom å fremme faktorar som styrker helsa og livskvalitet, og som bidreg til å verne mot negative faktorar, jf. folkehelselova § 4. Vi viser til at kommunen skal ha oversyn over helsetilstanden i befolkninga, og dei positive og negative faktorene som kan verke inn på denne, jf. folkehelselova § 5.

Vi viser også til «*Rikspolitiske retningslinjer for å styrke barn og unges interesser i planleggingen*», som uttrykkjer i avsnitt 5 «*Krav til fysisk utforming*», nr. 1, «*Arealer og anlegg som skal brukes av barn og unge skal være sikret mot forurensning, støy, trafikkfare og annen helsefare*».



Barn og unges interesser

Plan- og bygningslova §§ 1-1 og 5-1, og Rikspolitiske retningslinjer for barn og planlegging (FOR-1995-09-20-4146) har føringar for at barn og unge får medverke. Kommunestyret skal også velje eit ungdomsråd eller anna medverknadsorgan for ungdom, jf. kommunelova § 5-12. I planarbeid er det såleis viktig at barn og unge får moglegheit til å få fram sine synspunkt, ønskje, behov og bli inkluderte på sine eigne premisser. Barn og unge er viktige informantar til korleis areal blir brukt. Sjå gjerne også rettleiar om barn og unge i plan og byggesak (Kommunal- og moderniseringsdepartementet, 13.01.2020). Planarbeidet må gjere greie for korleis omsynet til barn og unges interesser er ivaretatt.

Sjå gjerne også rettleiar om barn og unge i plan og byggesak (*Kommunal- og distriktsdepartementet, 19.11.2021*).

<https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/rettleiar-om-barn-og-unge-i-plan-og-byggesak/id2885953/>

Universell utforming

Plan- og bygningslova § 1-1 viser til at prinsippet om universell utforming skal ivaretakast i planlegginga og i krav til byggjetiltaka. Planarbeidet må gjere greie for korleis omsynet til universell utforming er ivaretatt.

Vi viser til handlingsplan 2021-2025 og rettleiar om universell utforming i planlegging:

«Bærekraft og like muligheter – et universelt utformet Norge. Handlingsplan 2021-2025»

<https://www.regjeringen.no/contentassets/51369fe60a0240e4bbd554c54310048d/no/pdfs/handlingsplan-for-universell-utforming.pdf>

«Universell utforming i planlegging»

<https://www.regjeringen.no/contentassets/f4e45fb0473241a8a6c00468c06628e6/no/pdfs/h-2480-n-universell-utforming-i-planlegging.pdf>

Samfunnstryggleik

Statsforvaltaren har eit overordna ansvar for å samordne arbeidet med samfunnstryggleik og beredskap i fylket. Statsforvaltaren skal sjå til at omsynet til samfunnstryggleik vert ivaretatt i samband med arealplanar. Kommunane skal fremje samfunnstryggleik i planlegginga si, jf. pbl § 3-1 bokstav h og rundskriv H-5/18 «*Samfunnssikkerhet i planlegging og byggesaksbehandling*».

Kommunane skal fremje samfunnstryggleik i planlegginga si, jf. m.a. pbl. § 3-1 bokstav f, g og h. Pbl. § 4-3 stiller difor krav om utarbeiding av ROS-analyse i alle plansaker, samt krav til handtering av risiko i plan. ROS-analysen skal vise risiko og sårbarheit som har verknad for spørsmålet om arealet er eigna til utbygging, og eventuelle endringar i slike forhold som følgje av planlagt utbygging. Teknisk forskrift (TEK17) definerer kva som er akseptabel risiko for flaum og skred. For andre tema må kommunen sjølv ta stilling til kva som er akseptabel risiko og både gjere greie for og grunngje dette valet. Alle risiko- og sårbarheitstilhøve skal merkast med omsynssone på plankartet, og krav til risikoreduserande tiltak skal gå fram av planføresegnene.

Vi viser m.a. til Kommunal- og distriktsdepartementet sitt rundskriv H-5/18 «*Samfunnssikkerhet i planlegging og byggesaksbehandling*» og Direktoratet for samfunnstryggleik og beredskap sin rettleiar «*Samfunnstryggleik i kommunen si arealplanlegging*» og til Meld. St. 5 (2020-2021) *Samfunnssikkerhet i en usikker verden* der det i sistnemnde m.a. står:



«For å tydeliggjøre at vurderinger av risikoaksept inngår som en del av ansvarsprinsippet vil regjeringen presisere ansvarsprinsippet med følgende tillegg i kursivert tekst: Ansvarsprinsippet innebærer at den organisasjon som har ansvar for et fagområde i en normalsituasjon også har ansvaret for nødvendige beredskapsforberedelser og for å håndtere ekstraordinære hendelser på området. Ansvarlig instans må ta stilling til hva som er akseptabel risiko».

Og vidare:

«Ved behov må akseptabel risiko avklares med overordnet instans».

Plankartet til KPA har markert omsynssone H310_90 for delar av avgrensinga for planarbeidet.

Medverknad

Alle som fremjar eit planforslag skal leggje til rette for god medverknad i planprosessen, jf. pbl § 5-1. Kommunen har eit særleg ansvar for å sikre at barn og unge og andre som treng spesiell tilrettelegging får delta i planarbeidet etter rundskriv T-2/08 om barn og planlegging, samt H-2302 om medverknad i planlegging. Etter kommunelova § 5-12 skal kommunen også ha eit ungdomsråd, eldreråd og råd for personar med funksjonsnedsetjing – vi føreset at det også vert henta inn synspunkt og råd frå desse utvala i samband med planarbeidet.

Avsluttande merknad

Statsforvaltaren kan ut frå det som er sagt ovanfor ikkje utelukka at planarbeidet vil vere i strid med nasjonale eller viktige regionale omsyn, jf. pbl. § 4-1 tredje ledd. Dersom dei momenta som vi har trekt fram vert lagt til grunn og handterte i planarbeidet, vil Statsforvaltaren kunne vurdere planen sine verknader i høve til vårt sektoransvar ved offentleg ettersyn.

Med helsing

Egil Hauge
seksjonssjef

Nicolas J. I. Rodriguez
seniorrådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent

Kopi til:

Vestland fylkeskommune

Postboks 7900

5020

BERGEN

Fra: [Ola Midttun](#)
Til: [Post ABO Stord](#)
Kopi: [Berit Haga Vikanes](#)
Emne: Tysnes kommune - ad. varsel om oppstart av detaljregulering for gnr163 bnr1 m.fl. Laukhammar
Dato: mandag 24. oktober 2022 15:59:52
Vedlegg: [Tysnes kommune - Varsel om oppstart av detaljregulering for gnr163 bnr1 m.fl. Laukhammar.pdf](#)

Deres referanse: planid2022003

Vår referanse: 22/12416

Viser til e-post sendt 31.08.2022 fra Berit Haga Vikanes v/Abo Plan & Arkitektur AS.

Saken gjelder oppstart av detaljregulering for gnr/bnr 161/1 mfl. Laukhammar i Tysnes kommune.

Innspill fra Fiskeridirektoratet

Av kartskisse over planavgrensning fremgår det at planområdet vil omfatte sjøareal.

På bakgrunn av eksisterende infrastruktur i sjøområdet med kaier og flytebrygger, ser vi umiddelbart ikke at regulering vil medføre konfliktpotensial med utøving av fiske. Vi har derfor ikke merknader til oppstart av planarbeid utover at forslag til detaljregulering sendes på høring til Fiskeridirektoratet.

Mvh

Ola Midttun

seniorrådgiver

Fiskeridirektoratet

tlf. 46888567

Arkivreferanse:#98d0cfb7244a481fb71d39850cee4b252021032474#ACOS.WEBSAK#



NVE
Noregs vassdrags-
og energidirektorat

ABO Plan & Arkitektur Stord AS
Postboks 32
5401 STORD

Vår dato: 15.09.2022
Vår ref.: 202216140-2 Oppgi ved kontakt
Dykkar ref.:

Sakshandsamar: Margit Sandem
Fjellengen, masf@nve.no

NVE sitt generelle innspel - Varsel om oppstart - Detaljreguleringsplan for gnr. 163 bnr. 1 m.fl. - Laukhammar - planID 2022003 - Tysnes kommune

Vi viser til varsel om oppstart datert 31.08.2022.

Om NVE

Noregs vassdrags- og energidirektorat (NVE) er nasjonalt sektormynde med motsegnkompetanse innanfor saksområda flaum-, erosjons- og skredfare, allmenne interesser knytt til vassdrag og grunnvatn, og anlegg for energiproduksjon og framføring av elektrisk kraft. NVE har også ansvar for å hjelpe kommunane med å førebygge skader frå overvatn gjennom kunnskap om avrenning i tettbygde strok (urbanhydrologi). NVE gir råd og rettleiing om korleis nasjonale og vesentlege regionale interesser innanfor desse saksområda skal takast omsyn til ved utarbeiding av arealplanar etter plan- og bygningslova (pbl).

NVE prioriterer å gi konkrete innspel og uttala til reguleringsplanar det det vert bede om fagleg hjelp til konkrete problemstillingar. På grunn av stor saksmengd i høve til tilgjengelege ressursar har ikkje NVE kapasitet til å gå konkret inn i alle varsel om oppstart til reguleringsplanar. Etter ei fagleg prioritering gir vi hjelp til dei kommunane som har størst behov.

NVE si generelle rettleiing

NVE sin [kartbaserte rettleiar for reguleringsplan](#) er ein rettleiar som leier dykk gjennom alle våre fagområde, og gir dykk verktøy og innspel til korleis de kan ta omsyn til våre tema i reguleringsplanen. Vårt innspel er at de går gjennom denne kartbaserte rettleiaren og nyttar den i planarbeidet. Den som utarbeider planen har ansvar for at desse interessene blir vurdert i planarbeidet.

Vi rår dykk også til å nytte våre internettsider for arealplanlegging. Her er informasjonen og rettleiinga lagt opp etter plannivå, <https://www.nve.no/arealplanlegging/>.



På NVE sine nettsider finn de også koplingar til andre rettleiarar og verktøy. Det ligg også mykje arealinformasjon på [NVE sine kartløysingar](#).

NVE si oppfølging av planarbeidet

Kommunen må vurdere om planen tek omsyn til nasjonale og vesentlege regionale interesser, jf. NVE sin rettleiar [2/2017 «Nasjonale og vesentlige regionale interesser innen NVEs saksområder i arealplanlegging»](#).

Dersom planen rører ved NVE sine saksområde, skal NVE har tilsendt planen ved offentlig ettersyn. I plandokumenta må det gå tydeleg fram korleis dei ulike interessene er vurdert og innarbeidd i planen. NVE vil prioritere å gi uttale til reguleringsplanar der det blir bede om fagleg hjelp til konkrete problemstillingar. Alle relevante fagutgreiingar innan NVE sine saksområde må være vedlagt planar som blir sendt på høyring til NVE.

De kan ta kontakt med NVE dersom det er behov for konkret bistand i saka.

Med helsing

Øyvind Leirset
Seksjonssjef

Margit Sandem Fjellengen
Førstekonsulent

Dokumentet blir sendt utan underskrift. Det er godkjend etter interne rutinar.

Mottakarar:

ABO Plan & Arkitektur Stord AS

Kopimottakarar:

Tysnes kommune



KYSTVERKET

ABO PLAN & ARKITEKTUR STORD AS
Torgbakken 9
5411 STORD

Dykkar ref.	Vår ref	Arkiv nr	Sakshandsamar	Dato
	2022/4520-2		Tanya Boye Worsley	28.09.2022

Fråsegn til oppstart av detaljregulering - gnr. 163 bnr. 1 mfl. - Laukhammar - Tysnes kommune - Vestland fylke

Vi syner til e-post av 31.08.2022 vedkomande varsel om oppstart av arbeid med detaljregulering for gnr. 163 bnr. 1 mfl. Laukhammar i Tysnes kommune.

Formålet med planen er å legge til rette for sju-åtte nye fritidsbustader og ni nye naust med tilhøyrande felles småbåtanlegg, parkering og tilkomst.

Grunnlaget for Kystverket sitt engasjement i planarbeidet

Kystverket er ein nasjonal etat for kystforvaltning, sjøisikkerheit og beredskap mot akutt forureining. Kystverket tek ansvar for sjøvegen og produserar viktige fellesgoder for samfunnet. Det overordna målet for den nasjonale transportpolitikken er eit transportsystem som er sikkert, fremjer verdiskaping og medverkar til omstilling til lavutslippsamfunnet. Vidare er det eit nasjonalt mål å flytte godstransport frå veg til sjø. Kystverket har fått i oppgåve å bidra til å utvikle eit heilskapleg transportsystem.

Eit velfungerande sjøtransportsystem samansett av farleier, hamner og hamneterminalar er svært viktig for næringsutvikling og busetnad langs kysten, for at norske bedrifter kan inngå i komplekse og globale handels- og produksjonssystem, i tillegg til at personar skal kome seg mellom heimstad og arbeidsplass.

Kystverket har rettleiing og informasjon om vår rolle i arealplanlegginga på nettsidene våre. Her finn ein også styrande dokument som ligg til grunn for vår medverknad i planlegging etter plan- og bygningsloven.

Planarbeidet i Tysnes kommune røyver ved Kystverket sitt saksfelt og vi har då rett og plikt til å delta i planlegginga, jf. plan- og bygningsloven sin § 3-2 tredje ledd.


Innspel til planen

Planområdet ligg ved Laukhammar, sør på øya Skorpo. Farleia (bileia) *Laukhammarsundet* går i Laukhammarsundet. I sjøkart er bukta mellom Lyngneset og Limbuneset merket med anker. Ankerteiknet i sjøkartet indikerer at området er godt eigna for ankring og er skjerma for vind og vær med gode botnforhold. Laukhammarsundet blir trafikkert av nyttefartøy og

Sentral postadresse: Kystverket, postboks 1502,
6025 ÅLESUND

Telefon: 07847
E-post: post@kystverket.no
Internett: <https://kystverket.no>

Org.Nr.: 874783242
Bankgiro: 7694 05 06766



fritidsbåtar, medan sjøområdet nærast planområdet blir trafikkert i hovudsak av fritidsbåtar, jf. opplysningar henta frå Kystdatahuset¹.

Det er viktig at det ikkje vert planlagt for tiltak som avgrensar sikker og effektiv ferdsel for sjøtrafikken. Vi ber om at ein vurderer om planforslaget vil ha ferdselsmessige konsekvensar for brukarar av sjøen.

Motteken utkast til situasjonsplan viser mellom anna eit badeområde og tre bryggjeanlegg. Generelt rår ein til at bryggjeanlegg vert planlagt på ein slik måte at ein unngår konflikt med bading og annan ikkje-motorisert bruk av farvatnet.

Vi gjer merksam på at brygger o.l., som kan påverke tryggleiken, ferdselen eller forsvars- og beredskapsinteresser i farvatnet, kan krev løyve etter havne- og farvannsloven sin § 14.

Med helsing

Jan Morten Hansen
avdelingsleder

Tanya Boye Worsley
seniorrådgiver

Dokumentet er elektronisk godkjent

Eksterne kopimottakere:

Tysnes kommune
Fiskeridirektoratet

Postboks 40
Postboks 185 Sentrum

5559
5804

SVEIO
BERGEN

¹ www.kystdatahuset.no som inneholder informasjon om sjøtrafikk basert på AIS transponder data

ABO PLAN & ARKITEKTUR AS
Postboks 291
5203 OS

Dato	29.09.2022
Vår referanse	2022/82722-8
Dykkar referanse	
Sakshandsamar	Cathrine Gunn Grasdal
E-post	Cathrine.Gunn.Grasdal@vlfk.no
Telefon	90526060

Innspel til varsel om oppstart av detaljregulering - gnr. 163 bnr. 1 mfl. - Laukhammar - Tysnes kommune

Vi viser til brev datert 31.08.22 om oppstart av arbeid med detaljregulering for Laukhammar. Hovudføremålet med reguleringa er å legge til rette for fritidsbustader, naust og småbåtanlegg. Føremålet er delvis i samsvar med kommuneplan der området er sett av til fritidsbustad. Kommunen har vurdert at planen ikkje utløyser krav om konsekvensutgreiing.

Vestland fylkeskommune vurderer oppstartsmeldinga ut i frå fylkeskommunens sektoransvar og målsettingar i regionale planar. For kommunar i gamle Sogn og Fjordane og Hordaland gjeld dei vedtekne regionale planane innanfor dei tidlegare fylkesgrensene fram til desse vert avløyst av nye planar i Vestland.

Vurdering og innspel

Kulturminne og kulturmiljø

Vi vil minne om at dokumentasjon av kulturminne og kulturmiljø skal gjerast på eit tidleg stadium i all arealplanlegging. Vestland fylkeskommune ber om at eventuelle kulturminneinteresser vert omtalte, verneverdiane vurderte og teke omsyn til i det vidare planarbeidet.

Vi har i dag ikkje kjennskap til automatisk freda kulturminne eller andre kulturminne med høg verneverdi i planområdet.

Automatisk freda kulturminne

I tilstøytande areal nordaust for varslingsområdet er det kjent ei automatisk freda gravrøys (Askeladden-id 129766), samt ei gravrøys med uavklart vernestatus (Askeladden-id 129767). Nærleik til kjende førreformatoriske kulturminne, topografiske høve og høgde over havet tilseier at det er potensiale for å påvise hittil ukjende automatisk freda kulturminne i planområdet, både frå steinalder og seinare førhistoriske periodar.

Vi vurderer det såleis naudsynt å utføre ei arkeologisk registrering for å oppfylle undersøkingsplikt i medhald av kulturminnelova §9, jf §10 før vi kan gi fråsegn til reguleringsplanen.

Vi gjer merksam på at det vil vere ein fordel for tiltakshavar å klarleggje spørsmål omkring kulturminneverdiar i området på eit tidleg tidspunkt i planprosessen. Budsjett for arkeologisk registrering vil bli ettersendt så snart som råd.

Marine kulturminne

Då planen omfattar areal i sjø har vi sendt saka til Bergens Sjøfartsmuseum for uttale.

Sjøfartsmuseet melder i uttale datert 16.09.2022 følgjande:

Museet kjenner ikkje til kulturminne ved gbnr. 163/1 mfl ved Limbaneset i Tysnes kommune som kan bli direkte råka av det omsøkte tiltaket. Museet har derfor ingen merknader til det planlagde

arealinngrepet. Det er likevel mogleg at det ligg kulturminne i det aktuelle området. Me gjer derfor merksam på at tiltakshavaren pliktar å gje melding til museet dersom ein under arbeid i sjøområda finn skipsvrak, keramikk eller andre marine kulturminne. Dersom kulturminne på sjøbotnen kan bli råka av tiltaket, må arbeidet under vatn straks stoppast. Verksemda må i så fall ikkje takast opp att før museet har undersøkt og eventuelt frigjeve området. Eventuelle brot på desse vilkåra vil være i strid med føresegnene i Lov av 9. juni 1978 nr. 50 om kulturminne.

Strandsone

Den lange kystlina i fylket har eit svært variert landskap, frå holmar og skjer, store øyer i vest til smale fjordar i aust. Eit rikt biologisk mangfald, kulturminne frå mange tidsepokar, attraktive strender og båtutfartsområde, og eit landskap rikt på opplevingsverdiar gir grunn til varsemnd og langsiktig planlegging i høve til utbygging. Arealet som ein her vil utvikle, har ei rekke av dei typiske vestlandskvalitetane, med naust, svaberg og knausar, fjære, grønt, og bratte og slake område på land i møtet med sjøen. I planinitiativet, under «Moglege verknader» peikar ein på at arealet har artar som er vurdert som både livskraftige, sårbare og sterkt truga. Området er vurdert som dels privatisert og dessutan nytta av allmenta som strandområde.

Vestland fylkeskommune minner om reviderte planretningsliner for strandsona (SPR) og om vedteken *Regional kystsonesplan for Sunnhordland og ytre Hardanger* (kystsonesplanen). I reviderte SPR har ein i større grad differensiert geografisk (i soner 1,2, 3), og har som mål å tydeleggjere moglegheiter og avgrensingar som ligg i plan- og bygningslova knytt til strandsonevernet.

Føremålet med kystsonesplanen er å sikre ei berekraftig forvaltning av sjøareal og strandsoner i Sunnhordlandsregionen og Ytre Hardanger. Den regionale planen har mål om balanse mellom bruk og vern av areal- og naturressursar. Planen har delmål for strandsona:

Strandsona skal ivaretakast i eit langsiktig perspektiv som ressurs for lokalmiljøet med fokus på natur- og landskapsopplevingar, biologisk mangfald, friluftsliv og kulturminne. Det er eit mål å ivareta allmenne interesser og unngå uheldig utbygging.

Vi viser til planen sine retningsliner for båthamner, naust og generelt for tiltak i strandsona, mellom anna:

2.26 Alternativ lokalisering av nye tiltak i strandsona skal vurderast før bygging tillatast. Nye tiltak bør trekkast så langt unna sjøen som mogleg, og lenger vekk enn eksisterande bygningar. Utviding av eksisterande bygningar bør om mogleg skje i retning vekk frå sjøen.

Vi viser vidare til regional strandsonerettleiar. Med rettleiaren vil vi bidra til god planlegging i tråd med nasjonale og regionale føringar, både når det gjeld felles forståing av desse, men også relevante kunnskapsgrunnlag og metode i planlegginga.

Fritidsbustader

Statlege planretningsliner (SPR) slår fast (for alle soner) at areal til bustad-, sentrums- og sjøretta næringsutvikling bør prioriterast føre areal til fritidsbustader. Vidare vil Vestland fylkeskommune minne om SPR sitt fokus på moglegheita til å ferdast og å opphalde seg langs sjøen. Desse omsyna skal vektleggast sterkt når kommunen vurderer å godkjenne vidare utvikling av eksisterande bustad- og fritidseigedomar. Dette gjeld også når areal er sett av til fritidsbustader i KPA.

Eksisterande fritidsbustader i planområdet er i hovudsak trekt bort frå strandsona, medan framlegg til nye fritidsbustader bidreg til fortetting nærmare sjø i eit område der store delar av 100-metersbeltet er privatisert. Dette gjeld også for aktivitet frå sjøsida. Fylkeskommunen meiner dette vil vere ein uheldig utvikling, og ikkje i tråd med nasjonale retningsliner.

Byggegrense

Byggegrense mot sjø er heilt sentral i strandsoneforvaltninga. Det er nemnt at byggegrense mot sjø må setjast i reguleringsplanen. Føresegner (1.2 Strandsoner) til KPA for Tysnes seier dette:

Bygging i 100-metersbeltet langs sjø og vassdrag er i dag regulert i Plan- og bygningslova av 2008, paragraf 1-8, Forbod mot tiltak mv. langs sjø og vassdrag.

Forbodet gjeld så langt ikkje anna byggegrense er fastsett i kommuneplanens arealdel eller reguleringsplan. Forbodet gjeld ikkje der kommunen i kommuneplanens arealdel har tillate oppføring av naudsynte bygningar, mindre anlegg og opplag som skal tene til

landbruk, reindrift, fiske, akvakultur eller ferdsel til sjøs.

Vi ber kommunen vere tydeleg på byggegrense, og den kartlegginga og vurderinga som blir lagd til grunn i det vidare arbeidet. Fylkeskommunen oppmodar planframstillar å bruke kunnskap og metode som den regionale strandsonerettleiaren gjer greie for. Her bygger analyse- og kartleggingsarbeidet på kvalitetar knytt til naturmiljø, kulturarv, friluftsliv, landskap og allmenne interesser. Dette vil bidra heilskap og eit planframlegg i tråd med regionale og nasjonale føringar.

Fellesløysingar for naust og båtplassar

I initiativet viser ein til at KPA har sett av arealet til fritidsbustadområde (noverande). Dette opnar ikkje automatisk for tilrettelegging for naust, kai/ promenade i strandsona og småbåtanlegg i sjø. Vidare er det uklart kva planinitiativet meiner med «felles småbåtanlegg». I følgje den regionale kystzoneplanen skal fellesanlegg for båtplassar prioriterast framfor nye naustområde. Det skal leggjast opp til fellesløysingar for båtplassar, båtslipp, molo og infrastruktur som til dømes bodar, toalett/dusjrom, felleslokale og parkering knytt til båthamna på land. Kommuneplanane og vidare reguleringsplanar bør leggja til rette for småbåthamner som er allmenne anlegg for småbåtar utan tilknytning til bestemte eigedomar.

Ei utbygging slik vi forstår dokumenta til oppstart, vil bygge ned naturverdiar, landskap, og privatisere verdfulle areal som no er tilgjengeleg for allmenta. Ein sti som går i det smale området mellom front på naust og fritidsbustader og sjøkanten, er ei dårleg løysing. Arealet der ein meiner å legge til rette for allmenn ferdsle, vil vere privatisert av aktivitet knytt til fritidsbustader, og i røynda tar ikkje allmenta seg fram i slike areal. Frå sjøen vil ei slik utbygging også verke særleg privatiserande.



Figur 4 Utkast situasjonsplan

Vestland fylkeskommune viser til figuren over, og meiner at arealet 8-12 (naust) bør bli brukt til fellesnaust og felles båtanlegg, areal 2-5 (naust) og 2, 5, 6 og 8 (fritidsbustad) bør skånast heilt for utbygging. Dette med omsyn til verdfulle strandsoneverdiar, allmenta sine interesser, men også for å oppretthalde kvalitetar i området for fritidsbustader.

Meir informasjon

Meir informasjon om plantema, rettleiarar og statistikk/kart kan ein finne på nettsidene våre <https://www.vestlandfylke.no/planlegging/kommunal-planretteiing/>

Oppsummering

Vestland fylkeskommune ber om at planarbeidet legg særleg vekt på strandsoneforvaltning, kulturminne og kulturmiljø. Vi står til disposisjon viss ein skulle ha spørsmål rundt regionale plantema og vidare planprosess.

Med helsing

Eva Katrine Ritland Taule

fagleiar

SUD – Plan, klima og folkehelse

Cathrine Gunn Grasdal

rådgjevar

SUD - Plan, klima og folkehelse

Brevet er elektronisk godkjent og har difor inga handskriven underskrift

Sakshandsamarar:

Heidi Handeland – Arealplan - KII

Kopi til:

Statens vegvesen

STATSFORVALTAREN I VESTLAND

Postboks 1010 Nordre Ål

Njøsavegen 2

ABO PLAN & ARKITEKTUR STORD AS
Torgbakken 9
5411 STORD

Dato 15/05/2023
Vår referanse 2022/82722-11
Dykkar referanse
Sakshandsamar Heidi Handeland
E-post Heidi.Handeland@vlfk.no
Telefon 48189525

Kulturminnefagleg fråsegn etter arkeologisk registrering - detaljregulering gnr. 163 bnr. 1 m.fl. - Laukhamar - Tysnes kommune

Vi viser til varsla oppstart av detaljreguleringsplan Laukhamar gnr. 163 bnr. 1 i Tysnes kommune, samt øvrige korrespondanse og kontakt i saka vedrørende arkeologisk registrering for å oppfylle undersøkingsplikt etter kulturminnelova §9, seinast aksept datert 14.11.2022 av registreringsbudsjet.

Vestland fylkeskommune utførte arkeologisk registrering i planområdet 12.-13. april 2023. Undersøkinga påviste ein buplass frå steinalder i midtre del av planområdet med Askeladden-id 298397. Buplassen er automatisk freda i medhald av §8,4. ledd i kulturminnelova. Det påviste funnmaterialet opptre i matjord og oppblanda massar, og det er ikkje påvist funn in situ, dvs i uforstyrra massar.

I tilfelle kor fylkeskommunen seier seg samd i arealbruk i reguleringsplan, kan det gjennom planbehandling søkast dispensasjon frå kulturminnelova §8,4. ledd for løyve til inngrep i automatisk freda kulturminne. I mange tilfelle når dispensasjon innvilgast blir det sett vilkår om nærare gransking av det råka kulturminnet.

Gitt kulturminnet sin skadde tilstand i dette tilfellet, har vi rådført oss med Universitetsmuseet for å få belyst kulturminnet sitt eventuelle kunnskapspotensiale for nærare gransking. Universitetsmuseet har gitt følgjande tilbakemelding pr. epost 04.05.2023:

Vi viser til epost angående nyregistrert steinalderlokalitet sør på Skorpo på Tysnes, Askeladden id 298397, og spørsmål om det foreligger tilstrekkelig informasjon for museet å vurdere omfang av ytterlige undersøkelser ved eventuelle dispensasjon.

Museet mener at med utgangspunkt i det nåværende registreringsresultat er det ikke grunnlag til å tilrå ytterligere undersøkelser ved en eventuell dispensasjon fra Lov om kulturminner. Her legger vi vekt på at de innsamlede funn er fra matjord, dvs at det ikke er påvist funn i primær kontekst.


Vi gjør oppmerksom på at om eventuelle ytterligere registreringer skulle påvise funn in situ vil det være nødvendig med en ny vurdering fra museet.

Tidlegare kjent gravrøys utanfor planområdet

Nordautst for planområdet var det frå før registrert ei automatisk freda gravrøys (Askeladden-id 129766). I tillegg er det kjent ei røys i området kor steinane forlengst er fjerna, denne er registrert med uavklart vernestatus (Askeladden-id 129767). Som del av registreringa av planområdet var det naudsynt å kontrollere kartfestinga av røysa registrert som freda. Overflatetopografien i området indikerte at det kunne ligge ei røys nærare planområdet enn kartfestinga av id 129766 tilsa. For å avklare dette føretok vi ei ytterlegare vurdering i felt 10.05.2023 og sonderte grundigare med jordbor. Den tidlegare registrerte røysa på Laukaberg framstår som usikker og har fått endra vernestatus frå

automatisk freda til uavklart. Mogleg korrigerert lokalisering av røysa er avkrefta ved grundig sondering med jordbor. Nærleik til moglege gravrøysar id 129766 og 129767 har såleis ikkje direkte konsekvensar for det pågåande planarbeidet.

For ordens skuld gjer vi merksam på at røysene med uavklart vernestatus framleis indikerer funnpotensiale i området, og at undersøkingsplikt etter kulturminnelova §9 berre er oppfylt i planområdet slik det er avgrensa i oppstartvarsel datert 31.08.2022 med kart datert 24.05.2022. Ved eventuelle nye planar/tilbak i areal som ligg utanfor avgrensinga til detaljreguleringsplan som no er under arbeid, vil vi vurdere behov for arkeologisk registrering i medhald av kulturminnelova §9.



Figur 1 Utsnitt frå Askeladden pr. 12.05.2023

Vidare prosess

Arkeologisk registrering i samband med detaljregulering Laukhamar gnr. 163 bnr. 1 m.fl. påviste ein automatisk freda buplass frå steinalder. Buplassen er skadd, truleg hovudsakeleg på grunn av lengre tids dyrkingsaktivitet, og anna moderne aktivitet i arealet der lokaliteten ligg.

Dispensasjon frå kulturminnelova §8,4. ledd kan først handsamast formelt når planen kjem til offentleg ettersyn. Dispensasjonssøknad gjennom plan skjer ved å legge ut planen til offentleg ettersyn med arealføremål i konflikt med automatisk freda kulturminne.

Kulturminnet må merkast i plankart med føresegsområde. I planhandsaminga tek Vestland fylkeskommune stilling til dispensasjon og eventuelle vilkår på grunnlag av tilråding frå Universitetsmuseet i Bergen. I dette konkrete tilfellet er vår førebels vurdering at vi ikkje ser vilkår om ytterlegare undersøking som relevant.

Vi gjer for ordens skuld merksam på at tiltakshavar har meldeplikt etter kulturminnelova §8,2. ledd dersom ein under tilrettelegging av areal skulle støyte på funn av nye automatisk freda kulturminne. Meldeplikt ved eventuelle nye funn er gjeldande uavhengig av om areal er arkeologisk registrert/undersøkt tidlegare, og føresegner vedrørande dette blir spelt inn i vår endelege uttale til reguleringsplanen ved offentleg ettersyn av plan.

Rapport og faktura for arkeologisk registrering blir ettersendt.

Har ein spørsmål til ovannemnde er ein velkommen til å ta kontakt med Vestland fylkeskommune, seksjon for kulturarv v/underteikna.

Med helsing

Karoline Hareide Breivik

leiar

KFO - Arealplan (Førde)

Heidi Handeland

seniorrådgjevar

KFO - Arealplan (Førde)

Brevet er elektronisk godkjent og har difor inga handskriven underskrift

Kopi til:

TERJE KLIPPEN

PILEHAGEN 12

5416

STORD

UNIVERSITETET I BERGEN

Postboks 7800

5020

BERGEN